

KOMMISJONSDIREKTIV 96/63/EØF

av 30. september 1996

om endring av rådsdirektiv 76/432/EØF om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om bremseanlegg for jordbruks- og skogbrukstraktorer med hjul(*)

(Tekst som er relevant for EØS)

**KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPEN
HAR -**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 100 A,

med tilvising til rådsdirektiv 74/150/EØF av 4. mars 1974 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om typegodkjennung av jordbruks- og skogbrukstraktorer med hjul(1), sist endra ved direktiv 88/297/EØF⁽²⁾, særleg artikkel 12 og 13, og

ut frå desse synsmåtane:

Bremseprøvene kan betrast ved å byte ut den gjennomsnittlege retardasjonen med ein formel der stopplengda er definert som ein funksjon av farten. Denne endringa vil verte følgd av andre endringar som tek sikte på å betre tryggleiken til traktorar og delar som vert nytta saman med dei.

Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegnar frå det utvalet for tilpassing til den tekniske utviklinga som er oppnemnt i medhald av direktiv 74/150/EØF -

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkkel 1

Vedlegg I og II til rådsdirektiv 76/432/EØF⁽³⁾ vert endra i samsvar med vedlegget til dette direktivet.

Artikkkel 2

1. Frå 1. oktober 1997 kan medlemsstatane ikkje

- nekte, med omsyn til ein traktortype, å gje EF-typegod-kjenning, å utferde det dokumentet som er nemnt i artikkel 10 nr. 1 siste strekpunktet i

direktiv 74/150/EØF, eller å gje nasjonal typegod-kjenning eller

- forby registrering, sal eller ibruktaking av traktorar

med grunn i bremseanlegget, dersom traktorane stettar krava i direktiv 76/432/EØF, slik det er endra ved dette direktivet.

2. Frå 1. mars 1998

- skal medlemsstatane ikkje lenger gje EF-typegod-kjenning eller utferde det dokumentet som er nemnt i artikkel 10 nr. 1 siste strekpunktet i direktiv 74/150/EØF, og
- kan medlemsstatane nekte å gje nasjonal typegod-kjenning

til ein traktortype med grunn i bremseanlegget, dersom krava i direktiv 76/432/EØF, slik det er endra ved dette direktivet, ikkje er stetta.

Artikkkel 3

1. Medlemsstatane skal innan 1. oktober 1997 setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om dette.

2. Når desse føresegogene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjeraast.

3. Medlemsstatane skal sende Kommisjonen teksta til dei viktigaste internrettslege føresegogene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. L 253 av 5.10.1996, s. 13, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 77/97 av 12. november 1997 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(1) TEF nr. L 84 av 28.3.1974, s. 10.

(2) TEF nr. L 126 av 20.5.1988, s. 52.

(3) TEF nr. L 122 av 8.5.1976, s. 1.

Artikkelen 4

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Artikkelen 5

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 30. september 1996.

For Kommisjonen

Martin BANGEMANN

Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG

I direktiv 76/432/EØF vert det gjort følgjande endringar:

1. I vedlegg I nr. 4.2.6 vert følgjande punktum lagt til til slutt i første ledet:

«Når det vanligvis bremses på flere aksler, kan én aksel frakoples, forutsatt at denne akselen automatisk tilkoples igjen når driftsbremsen aktiveres, eller dersom tilkoplingsinnretningen svikter.»

2. I vedlegg II vert det gjort følgjande endringar:

- I nr. 1.1.1 skal første punktumet lyde:

«Et driftsbremseanleggs fastsatte virkning skal være basert på stopplengden beregnet etter formelen i nr. 2.1.1.1.»

- Nr. 1.2.2.2 går ut.

- Nr. 2.1.1.1 skal lyde:

«2.1.1.1. under type 0-prøvevilkår oppnå en stopplengde som beregnes etter følgende formel:

$$S_{\max} \leq 0,15V + \frac{V^2}{116}$$

der

V er høyeste konstruksjonshastighet i km/t, og

S_{\max} er største stopplengde i meter.»